

Skal fullføre arbeidet ved Høgemurane

I går starta arbeidet med å utvide fylkesveg 615 ved Høgemurane i Hyen.

– Trafikantar må bu seg på inntil ein halvtimes ventetid dei neste månadane. Vi tek sikte på å vere ferdige innan nyttår, seier byggjeleiar Jørn Inge Grytten.



Høgemurane på Fv. 615 i Hyen. Foto: Statens vegvesen.

«Koronamidlar»

Fylkeskommunen har sidan i fjor gjort utbetringar fleire stader på fv. 615 mellom Hyen og Storebru, men det var ikkje midlar att til å ta den høgste fjellskjeringa ved Høgemurane.

Tidlegare i år vart det klart at strekninga skulle få ein del av ekstraløyvinga frå staten, «koronamidlar», som skulle gå

til vedlikehald av fylkesveggar. I alt var det sett av fem millionar kroner til fv. 615.

– Ved å sprengje vekk skjeringa kan vi utvide vegen,

og bruke massane til fylle på og utvide vegen på ei lengre strekning. Det vil bli om lag 500 meter ny veg, seier Grytten.

Norsk Countrytreff må avlyse



Vassendgutane har vore i Breim mange gongar, men den planlagde konserten i haust er avlyst. Arkivfoto.

Norsk Countrytreff må avlyse Barnas Country og konsertar med Vassendgutane og Folk Flest, som var planlagde 1. og 2. oktober.

FT: Aadne Gløpestad

– Slik retningslinjene for smittevern er i dag, og med usikkerheit for når det blir oppslepp, ser vi ingen annan utveg enn å avlyse dei planlagde konsertane, seier dagleg leiar Arve Kleppe i ei pressemelding.

Norsk Countrytreff hadde sett fram til å arrangere Barnas Countrytreff og konsert på

festivalområdet 1. og 2. oktober, som eit plaster på såret for at årets festival vart avlyst. Etter ei grundig vurdering av aktuelle smitteverntiltak og dagens smittesituasjon, har festivalleiinga kome fram til at det ikkje er mogleg å gjennomføre konsertane.

– Vi planla å setje opp eit sirkustelt på arenaen, der både Barnas Country på fredagen, og konsertane på laurdagen skulle haldast. På arenaen medfører avgrensingane ei rekkje logistikkutfordringar og tiltak som ikkje let seg løyse på ein god måte. Slik smittesituasjonen er no, er det heller ikkje forsvarleg å samle borna i

Gloppen og deler av Sunnfjord til eit felles arrangement. Vi er utruleg leie oss for at det ikkje blir noko av, seier Kleppe.

Barnas Country var planlagt som eit gratisarrangement, medan billettane til konsertane med Vassendgutane og Folk Flest førebels ikkje var lagde ut for sal, men fleire ihuga fans hadde meldt si interesse for musikkfesten.

– No går vi på med liv og lyst for å planlegge og gjennomføre ein skikkeleg festival til neste år. Mykje er allereie på plass, og vi ser fram til å kunne ønskje publikum velkomne til festivalområdet 13.-17. juli 2022.

SOL			MÅNE		
	OPP	NED		OPP	NED
14.9.	06.59	20.04	14.9.	18.32	21.59
15.9.	07.02	20.01	15.9.	19.31	23.07
16.9.	07.04	19.57	16.9.	19.56	
17.9.	07.07	19.54	17.9.	20.06	00.44

FLO			FJÆRE		
	OPP	NED		OPP	NED
14.9.	04.45	17.18	14.9.	11.17	-
15.9.	06.10	18.47	15.9.	00.03	12.42
16.9.	07.54	20.19	16.9.	01.38	14.11
17.9.	09.17	21.26	17.9.	02.58	15.21

NAMNEDAGAR

Tysdag 14. september
Ingebjørg, Ingeborg

Onsdag 15. september
Aslak, Eskil

Torsdag 16. september
Lillian, Lilly, Linnea

Fredag 17. september
Hildebjørg, Hildegunn

Takk
for minnegåva i høve Solveig Langeteig si gravferd.
Helsing Gloppen Røde Kors

Takk
for minnegåve i høve Egil Magne Raad sin bortgang.
Med helsing oss på Oreteigen

Vi gratulerer

Viljar Oppheim Rønnekleiv - 4 år!



Hipp hipp HURRA for VILJAR 4 ÅR!
Du er god, tøff, snill, kul, smart, bror, god venn, dyktig, søt, morsom, leiken og modig!
Håpar bursdagen din blir SUPERFIN!
Vi alle er så SUPER-DUPER GLADE I DEG, VILJAR!
Jebussklemmar frå Storebrødrene Odin og Brage, Gaute, Iver og Finn, Henrik, Aksel og Mikkel, besten og besta-mormor

Nordfjord Nærradio

Onsdag 15. september

Kl. 20.15. Snart klar, tlf. 57860660.

Gullpott kr. 15000 - 54 trekte tal.

Kl. 20.30. Bingo ved Britt Myrøld.

Teknikk: Andreas Silden.

Fredag 17. september

Kl. 22.00. Fredagskveld med John Elling frå Trivsels-hjørnet, tlf. 57860660.

Teknikk: Kristoffer August.

Ansvarleg redaktør: John Roar Øien.



Min snille Arne, vår gode pappa, kjære son, storebror, svoger og onkel

Arne Søreide

f. 15.2.1968
sovna stille inn i dag
Ålesund sjukehus/Stranda,
10. september 2021

Vijitra

Erik Ole Petter

Jorunn og Anders
(foreldre)

Bjørn - Madelin

Tone-Merethe - Martinus

Jan-Andre, Inge-Bjarte, Olivia, Kenneth, Ingri-Eline, Andreas og Mathea

Familien i Thailand og familien elles

Høgt elska – sårt sakna

Gravferd frå Stranda kyrkje fredag 17. september kl. 13.00 for venner, familie og inviterte.

Like kjært som blomar er ei gåve til kreftavd. v/Ålesund sjukehus K.nr. 8601 72 19156



Mi kjære kone, vår kjære mor, svigermor, bestemor og oldemor

Oddny Helgheim

f. Paulen 02.01.1930
løyde uventta, men fredfullt frå oss, 10. september 2021

Alf

Reidar – Randi Nils-Magnar – Karen

Stine, Kristine, Thomas

Maiken, Linnea

Alle er velkomne i gravferd frå Helgheim kyrkje fredag 17. september kl. 10.30. Like kjært som blomar er ei gåve på kontonr. 3710 15 63139, til Paulsmusikken, merkt Oddny Helgheim. Det er oppretta minneside på www.fjordan.no

Pengar til Jakob Sande-senteret

Jakob Sande-senteret i Fjaler får ei løyving på 1 million kroner i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2022.

Regjeringa tok i 2019 initiativ til å få til ei nasjonal satsing for å byggje opp eit Jakob Sande-senter i Fjaler. Senteret blei opna i august 2020.